

# Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

## Møteinnkalling

|            |                 |
|------------|-----------------|
| Møtested:  | Møterom 2       |
| Dato:      | 12.06.2017      |
| Tidspunkt: | Kl. 16.00       |
| Møtenr:    | <b>3 / 2017</b> |

### Til behandling:

| Sak nr                | Sakstittel                                                                         |
|-----------------------|------------------------------------------------------------------------------------|
| <a href="#">15/17</a> | Godkjenning av protokoll fra møtet 24. april 2017                                  |
| <a href="#">16/17</a> | Orientering frå Kommunalsjef oppvekst og kultur                                    |
| <a href="#">17/17</a> | Orientering om kommunen sin tertialrapport pr. 30.04.2017                          |
| <a href="#">18/17</a> | Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i UNINOR AS - utkast til prosjekt-mandat |
| <a href="#">19/17</a> | Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 30.04.2017                               |
| <a href="#">20/17</a> | Statusoversikt juni 2017                                                           |

### Referatsaker/[meldingar](#)

| Periode: |            | 24.04.2017 - 12.06.2017                       |
|----------|------------|-----------------------------------------------|
| Nr.      | Arkivsak   | Referatsakstittel                             |
| 3/17     | 13/00319-8 | Vedtak Kst. rapport Eigarskapsforvaltning.pdf |
|          |            |                                               |

Ver vennleg meld eventuelt forfall så snart som mogleg på telefon 51 33 65 90 evt. 414 46 180 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall vert varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner å vere ugild, må gje melding om dette slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Evt. saker merket (*Unntatt offentleggjering i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/ varamedlemmer som må møte.

Bjerkreim, 02.06.2017

Magne Vaule  
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland  
Sekretariatet

[Medlemmer i kontrollutvalet](#)

## **15 / 17 Godkjenning av protokoll fra møtet 24. april 2017**

Arkivsak-dok. 16/00154-17  
Arkivkode. 033  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 12.06.2017 | 15/17 |

Protokollen frå møtet 24. april 2017 vart lagd fram for kontrollutvalet til formell godkjenning, sjå vedlegg.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møtet 24. april 2017.

SANDNES, 18.05.2017

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Protokoll 24.04.2017](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **16 / 17 Orientering frå Kommunalsjef oppvekst og kultur**

Arkivsak-dok. 16/00158-18  
Arkivkode. 027  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 12.06.2017 | 16/17 |

### **Bakgrunn**

Som eit ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen, har kontrollutvalet laga ein plan for invitasjon av kommunale leiarar, for at dei kan orientere kontrollutvalet om deira arbeid og ansvarsområde. Til dette møte har kontrollutvalet invitert kommunalsjef Oppvekst og Kultur

### **Saksutgreiing**

Kontrollutvalet ynskjer at kommunalsjefen orienterer om fyljande emne:

- Avdelinga sin plass i organisasjonen
- Talet på tilsette
  - o Rekruttering av medarbeidarar
  - o Utfordringar i høve til rekruttering
- Kva tenester avdelinga leverer
- Avdelinga sitt budsjett og rekneskap
- Tankar om framtida.
  - o Behovet for tenester frå avdelinga
  - o Klarar avdelinga å levere i høve til behov

Kontrollutvalet har sett av 20 - 25 minutt til orienteringa inklusiv tid til spørsmål frå utvalet.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek leiar av kommunalsjef oppvekst og kultur si utgreiing til orientering.

SANDNES, 30.05.2017

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

**17/17 Orientering om kommunen sin tertialrapport pr  
30.04.2017**

Arkivsak-dok. 16/00333-5  
Arkivkode. 212  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 12.06.2017 | 17/17 |

**Bakgrunn**

Kontrollutvalet skal i følge kontrollutvalgsføreskrifta § 7 gje ei uttale til kommunestyret om årsrekneskapen. Som et ledd i dette vert det bedd om ei orientering frå administrasjonen om tertialrapportene.

**Saksutgreiing**

Sekretariatet har avtala med rådmannen at han møter og orienterer om rekneskapen pr. 30. april 2017.

Kontrollutvalet skal ikkje behandla tertialrekneskapen, men tar framlegget til orientering

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek rådmannen sin gjennomgang av rekneskapen pr. 30.04.2016 til orientering.

SANDNES, 29.05.2017

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:  
[Tertialrapport 30.04.2017 Bjerkreim kommune](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **18 / 17 Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i UNINOR AS – utkast til prosjektmandat**

Arkivsak-dok. 17/00028-2  
Arkivkode. 217  
Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 12.06.2017 | 18/17 |

### **Bakgrunn**

Denne selskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Eigersund. Dei andre eigarane vert invitert til å delta i prosjektet.

### **Saksutgreiing**

Føremålet med prosjektet skal være å undersøke om selskapet driv i tråd med vedtekter og kommunale vedtak. Det skal mellom anna sjåast på selskapet sine tenester og økonomi, og på eigarane si oppfølging av selskapet.

Ut frå dette føremålet føreslår revisor å sjå nærare på disse problemstillingane:

- *Hvordan foretas styringen av selskapet?*
- *I hvilken grad oppnås målene for de ulike tiltaksordningene?*
- *Hvilken effekt har selskapets drift og tjenester for eierkommunene?*
- *Hvordan er eiernes oppfølging av selskapet lagt opp?*

Selskapskontrollen omfattar både morselskapet og dotterselskapet (AKS).

Revisor sitt utkast til mandat og problemstillingar er vedtatt uendra av kontrollutvalet i Eigersund. Dersom alle eigarane deltar i prosjektet vil Bjerkreim sin del av kontrollen utgjere 36 timar.

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtek å delta i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i UNINOR AS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som føreligg.

SANDNES, 30.05.2017

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[RR Selskapskontroll 2017 - Uninor - Mandat](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*

## **19 / 17 Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 30.04.2017**

Arkivsak-dok. 16/00171-22  
 Arkivkode. 212  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 12.06.2017 | 19/17 |

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet er i føreskrifta pålagt å lage budsjett for arbeidet med kontroll og tilsyn i kommunen. Difor må og kontrollutvalet fylgje med på regnskapet for sitt område gjennom året. Denne oppfylginga skjer kvart tertial som elles i kommunen. Den framlagde oversikten byggjer på opplysningar frå kommunerekneskapen, samt opplysningar frå revisor og sekretariatet.

### **Saksutgreiing**

Oversikta viser et samla forbruk for kontroll og tilsyn pr. 30.04.2017 på kr 222.987. Dette utgjør 40 % av budsjetttramma. Med jamn fordeling på månadene ville forbruket vore på 33,3 %.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet ligg desse på 26,2 % av budsjettet. Hovudårsaka til mindreforbruket er at kontrollutvalet ikkje har brukt kursmidlar enno.

Utgifter til sekretariatet er på 33% pr. 30.04. Utgiftene er i tråd med faktura frå Sekretariatet.

Når det gjeld utgifter til kjøp av revisjonstenester viser rekneskapen kr 155.924.- mens utskrifta frå Rogaland Revisjon viser at dei har fakturert i alt kr 146.205. Kommunen har difor ført kr 9.719,- kr meir enn det Rogaland Revisjon har fakturert kommunen. Truleg er dette faktura som er ført feil i kommunen. Når det gjeld utgiftene til revisjon fordeler desse seg nødvendigvis ikkje jamt over året.

Revisor kommenterer deira forbruket som følgjer:

*«I regnskapsrevisjonen er årsoppgjør 2016 gjennomført og interims revisjonen for 2017 så vidt påbegynt. Det er utført attestasjon av mva-kompensasjonen for to terminer og ulike særattestasjoner som bl.a. tilskudd til ressurskrevende brukere. Av forvaltningsrevisjon er Eierskapsforvaltning levert og prosjektet «PP-tjenesten og samarbeid med barnehager og skoler» bestilt for levering høsten 2017. En ny gjennomgang av forvaltningsprosjektet Skolemiljø er vedtatt utsatt til høsten 2017 når statsadvokatene har ferdigstilt sin behandling.»*

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 30.04.2017 til orientering.

SANDNES, 01.06.2017

Per Kåre Vatland  
Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Rekneskapsoversikt kontroll og tilsyn pr. 30.04.2017](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

**20/17 Statusoversikt juni 2017**

Arkivsak-dok. 16/00290-23  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandlar. Per Kåre Vatland

| Saksgang                      | Møtedato   | Saknr |
|-------------------------------|------------|-------|
| 1 Kontrollutvalet i Bjerkreim | 12.06.2017 | 20/17 |

**Bakgrunn**

Statusoversikta er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går over fleire møter. Den omhandlar først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar, som vert følgt frå dei vert bestilt og fram til kommunestyrets vedtak knytt til rapporten er endeleg følgt opp. Andre type saker som krev oppfølging vil og bli tatt med i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

**Saksutgreiing**

Målet er å gje kontrollutvalet ei oppdatert oversikt over status på dei ulike sakene så lenge dei er under behandling. Oversikta er utarbeidd slik at den òg viser kva saker utvalet har arbeidd med i inneverande kommunestyreperiode.

Under denne saka kan kontrollutvalet ta opp spørsmål i tilknytning til sakene. Det vert lagt opp til at dersom revisor er til stades, kan revisor under denne saka gje utvalet orientering om status på prosjekt revisor arbeider med og avklara endringar om dette er nødvendig.

Det er fylgjande endringar til dette møtet:

- *Kontrollutvalet vert i dett møte invitert til å delta i selskapskontroll i Uninor AS, som kontrollutvalet i Eigersund har bestilt.*
- *Rapporten eigarskapsforvaltning vart behandla i kommunestyret 10.mai 2017. Oppfølging av rapporten vert truleg i sett til møtet i februar 2018.*

**FORSLAG TIL VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tek statusoversikt juni 2017 til orientering.**

SANDNES, 01.06.2017

Per Kåre Vatland  
 Seniorrådgiver

Vedlegg:

[Statusoversikt kontrollutvalet sin saker - juni 2017](#)

[Saksliste](#)

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.*



## **Referatsaker / meldingar**

[3/17 Vedtak Kst. rapport Eigarskapsforvaltning](#)

Arkivsak-dok. 13/00319-8

Arkivkode. 217

[Saksliste](#)